



Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

/Avdeling for areal og
transport

Vår dato	10.10.2017
Deres dato	2017-08- 28T00:00:00
Vår referanse	17/13514-2
Deres referanse	NVEs referanse: 201703258-5
Vår saksbehandler	Fredrik Dale Refling

Svar til høringsbrev - Vest-Telemark Kraftlag AS – søknad om løyve til Trontveitåna kraftverk i Nissedal kommune i Telemark

Det vises til brev om høring av søknad om løyve til Trontveitåna kraftverk, datert 28.08.2017, i Nissedal kommune.

Omsyn til automatisk freda kulturminne

Vi har ikkje opplysningar i arkiva våre om automatisk freda kulturminne innanfor planområdet. Kunnskapen vår om kulturminne i nærområdet og dessutan ei vurdering av landskap og terreng, tilseier likevel at slike kan vere bevarte. I medhald av kulturminnelova § 9 må vi difor utføre ei arkeologisk registrering før vi kan gje endeleg uttale til planen (jf. kulturminnelova §§ 3 og 8). Det kan verta naudsynt å nytta fleire moglege metodar, t.d. visuell overflateregistrering og maskinell sjakting. De kan lese meir om metodane vi nyttar på: <http://www.telemark.no/Vaare-tjenester/Kulturminner/Arkeologi/Arkeologisk-feltarbeid>.

Arkeologiske registreringar kan berre utførast på bar og frostfri mark. Den arkeologiske feltsesongen i eit normalår er frå midten av april til november.

Vi viser til kulturminnelova § 9 om undersøkingsplikta av offentlege og større private tiltak og til § 10 om at utgifter til særskilt granskning må dekkast av tiltakshavar.

For å kunne utarbeide eit budsjett for undersøkinga, ber vi om å få tilsendt informasjon om og detaljplanar over planlagde inngrep og tiltak når desse finst. Vi treng i det sambandet òg planfilar over tiltaka i Sosi-format.

Registreringar med heimel i kulturminnelova § 9, og er ikkje å anse som einskildvedtak etter forvaltningslova. Det betyr at det ikkje kan klagast over kostnadsoverslaget, men planmyndigheit/tiltakshavar kan be Riksantikvaren vurdere om overslaget er rimeleg.

Behandling av automatisk freda kulturminne

Postadresse:	Besøksadresse:	Sentralbord	Foretaksregisteret: 940 192 226
Postboks 2844	Fylkesbakken 10	35 91 70 00	E-post: post@t-fk.no
3702 Skien	3715 SKIEN		www.telemark.no



Om det viser seg at det er konflikt mellom eit automatisk freda kulturminne og tiltaket, må det søkjast om dispensasjon frå kulturminnelova. Søknaden blir utarbeidd av fylkeskommunen og sendt til Riksantikvaren for vurdering. For at Riksantikvaren skal ha tid til å handsame søknaden har det regionale kulturminnevernet rett til tre månader uttalefrist, i medhald av kulturminnelova § 9 andre ledd. Fristen kan om naudsynt forlengast ytterlegare. Om Riksantikvaren innvilgar dispensasjon, vil det vanlegvis stillast vilkår om ein arkeologisk utgraving før tiltaket blir realisert. Utgifter til ei slik utgraving må berast av tiltakshavar, jf. kulturminnelova § 10. For meir informasjon viser vi til våre internettsider (<http://www.telemark.no/kulturminne>) og heimesidene til Riksantikvaren (<http://www.riksantikvaren.no/Norsk/Veiledning/>).

Vi gjer også merksam på *meldeplikta* etter kulturminnelova § 8 andre ledd. Meldeplikta oppstår når det blir oppdaga automatisk freda kulturminne som ikkje var kjent på førehand. Føresegna legg eit klart ansvar på tiltakshavar om å følgje stanse- og meldeplikta. Tiltakshavar skal forsikre seg om at dei som utfører arbeidet på staden er kjent med stanse- og meldeplikta, men det er tiltakshavar sjølv som står ansvarleg for at freda kulturminne ikkje blir skada. Telemark fylkeskommune er rette adressat for ei eventuell melding. Om det blir påvist automatisk freda kulturminne er det Riksantikvaren som avgjer om arbeidet kan fortsetje og vilkåra for det.

Eventuelle spørsmål kan rettast til rådgjevar Anne Margrethe Scheffler på telefon 90 73 35 47 eller anne.margrethe.scheffler@t-fk.no.

Vurdering

Det er uavklart om tiltaka er i konflikt med regionale og/eller nasjonale arealbruksinteresser (fortrinnsvis automatisk freda kulturminne). Det regionale kulturminnevernet må difor utføra ei arkeologisk registrering før tiltak blir igangsett.

Med vennlig hilsen

Fredrik Dale Refling

Fredrik.Dale.Refling@t-fk.no

Dokumentet er elektronisk godkjent og sendes uten signatur.



TELEMARK
fylkeskommune

**/Avdeling for areal og
transport**

Vår dato 10.10.2017
Vår referanse 17/13514-2

Mottaker	Kontaktperson	Adresse	Post
Nissedal kommune		Treungvegen 398	3855 TREUNGEN
Norges vassdrags- og energidirektorat		Postboks 5091, Majorstuen	0301 OSLO

Kopimottaker	Kontaktperson	Adresse	Post
Fylkesmannen i Telemark		Postboks 2603	3702 SKIEN

Postadresse: Postboks 2844 3702 Skien	Besøksadresse: Fylkesbakken 10 3715 SKIEN	Sentralbord 35 91 70 00	Foretaksregisteret: 940 192 226 E-post: post@t-fk.no www.telemark.no
---	---	----------------------------	---